

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119, Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:
Vår ref: 07/344-3/HIR
Dato: 08.01.2008

Nynorsk:

Høyring KD Forslag til endringar i opplæringslova

Kunnskapsdepartementet (KD) har sendt på høyring forslag til endringar i opplæringslova. Endringane rettar seg etter dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen av 29. juni 2007. Domen slår fast at KRL-faget i si nåværande form ikkje er i samsvar med Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).

KIM har i alle år sidan innføringa av faget Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL-faget) i 1998, i ulike høve fremja kritikk mot faget. Kritikken er i samsvar med argumenta som vart presenterte for Den europeiske menneskerettsdomstolen i 2002. Meir presist har KIM argumentert for ei gjeninnføring av fagopplæring i samsvar med den tidlegare livssynsopplæringa som vart gjeven tilbod om før innføringa av KRL-faget. Langt på veg kjem ordlyden i det nye lovforslaget denne kritikken i møte. KIM er såleis svært nøgd med endringsforslaga som framgår i dette høyringsutkastet og gjeld:

- § 2-3 Endring av namnet på faget til Religion, livssyn og etikk.
- § 2-3 a / Framlegg til lovtekst som gjeld fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa (sjå teksten i høyringsutkastet s. 3 og 4).
- § 2-4 / Framlegg til ny lovtekst som gjeld sjølve føresegna om korleis undervisninga skal gå føre seg (sjå teksten i høyringsutkastet s. 6 og 7).

KIM ynskjer dei to endringsforslaga i opplæringslova velkomen. Vi ser fram til prosessen med stadfesting og den vidare implementeringa av lovendringane.

Med venleg helsing

Rita Kumar
Utvalgsleiar

Saksansvarleg:
Hilde Roald
Seniorrådgjevar

Bokmål:**Høring KD Forslag til endringer i opplæringsloven**

Kunnskapsdepartementet (KD) har sendt på høring forslag til endringer i opplæringsloven. Endringene retter seg etter dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen av 29. juni 2007. Dommen slår fast at KRL-faget i sin nåværende form ikke er i samsvar med Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).

KIM har i alle år siden innføringen av faget Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL-faget) i 1998, i ulike sammenhenger fremmet kritikk mot faget. Kritikken er i samsvar med argumentene som ble presenterte for Den europeiske menneskerettsdomstolen i 2002. Mer presist har KIM argumentert for en gjeninnføring av fagopplæring i samsvar med den tidligere livssynsopplæringen som ble tilbudt før innføringen av KRL-faget. Langt på veg kommer ordlyden i det nye lovforslaget denne kritikken i møte. KIM er derfor svært fornøyd med endringsforslagene som framgår i dette høringsutkastet og gjelder:

- § 2-3 Endring av navnet på faget til Religion, livssyn og etikk.
- § 2-3 a / Forslag til lovtekst som gjelder fritak fra aktiviteter m.m i opplæringa (se teksten i høringsutkastet s. 3 og 4).
- § 2-4 / Forslag til ny lovtekst som gjelder selve forskriften om hvordan undervisningen skal foregå (se teksten i høringsutkastet s. 6 og 7).

KIM ønsker de to endringsforslagene i opplæringslova velkommen. Vi ser fram til prosessen med stadfesting og den videre implementeringen av lovendringene.

Med vennlig hilsen



Rita Kumar
Utvalgsleder

Saksansvarlig:
Hilde Roald
Seniorrådgiver